



ØYGARDEN KOMMUNE

dek 23

200605491 01.11.06
ki-501

Det Kongelige Kultur- og Kirkedepartement
Postboks 8030 Dep.
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
06/918-4/K1-020//ILS

Stad/Dato:
27.10.2006

STATEN OG DEN NORSKE KYRKJE

Øygarden kommune viser til motteke høringsutkast. Øygarden kommunestyre har handsama saka i møte den 25.10.2006 sak 049/06 og gjort slikt vedtak:

”Statskyrkjeordninga slik den er i dag vert ført vidare innanfor gjeldande grunnlovsbestemmelser.

Statskyrkjeordninga slik den er i dag sikrar best at kyrkja er til for alle og at dei aller fleste kan føla seg heime i kyrkja uavhengig av trusengasjement. Rammelova gir ingen garanti for framtida til ei meir fristilt folkekyrkje. Paragrafen i Grunnlova som omtalar Den Lutherske kyrkja si lære må forbli uendra”.

Dette til orientering.

Med helsing

for. Ingolf Solsvik
Ingolf Solsvik
rådmann

Vedlegg: Kopi av særutskrift.

ØYGARDEN KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG			
R.f.	Styre, råd, utval m.v.	Møtedato	Saksnr
FS	Formannskapet	18.10.2006	183/06
KS	Kommunestyret	25.10.2006	049/06

Arkiv: K1-020

Arkivsaknr: 06/918-3

STATEN OG DEN NORSKE KYRKJE

Sakshandsamar: Ingolf Solsvik

Skriv/fråsegner:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	14.05.2006	Det Kongelige kultur- og kirkedepartement	HØYRING PÅ STATSKYRKJEORDNING - FRIST 01.12.06
2	I	26.06.2006	Human-Etisk Forbund	HØYRING AV NOU 2006:2 STATEN OG DEN NORSKE KYRKJE

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALAR M.M.:

KORT OM SAKA:

Tilhøvet mellom staten og kyrkja er no sett på dagsorden att. Kommunane har fått ein frist til 01.12.06.

Bakgrunnen for drøftinga er at det regjeringsoppnemnde stat - kyrkje-utvalet nyleg la fram instillinga si, der dei svarar på om statskyrkjeordninga bør vidareførast, reformert eller opphevast. Det vert lagt opp til ei brei høyring på alle nivå om korleis forholdet mellom staten og kyrkja bør vera i framtida.

Det er rådmannen som har saksutgreidd temaet.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Når ein kommune skal uttale seg til spørsmålet om statskyrkjeordninga i Noreg, må ein i stor grad leggja vekt på kva slags forordning ein slik statskyrkjeordning representerer i eit lokal-samfunn.

Det må vera lov å leggja vekt på at den statskyrkjeordninga også er eit praktisk reiskap for ein del "milepelar" i ein livssyklus, utan at dette vert knytt sterkt opp mot den religiøse og åndelege sida ved statskyrkjeordninga. Så må det også understrekast at det nok vil vera eit heil anna alment syn på kva kyrkjeordninga og kyrkja betyr for folke flest i utkant-Norge i høve til sentrale austlands-Norge.

Rådmannen skulle ønskt at det låg føre uttalar frå dei sokneråda ein har i kommunen, og så kunne formannskap/kommunestyret sagt seg samd eller usamd med dette. I samtale med kyrkjeverje har rådmannen fått opplyst at begge sokneråda har utsett å behandla spørsmålet. Kyrkjeverja har utarbeidd eit saksframlegg og forslag til uttale til sokneråda. For å klårleggja kva Gjønnnes-utvalet si tilråding inneheld og i den grad rådmannen meiner at dette har betydning, vil dette saksframlegget verta nytta.

Spørsmålstillinga er ikkje ny. I mange år til forskjellige tider har det kome jamleg offentlege utgreiingar og initiativ i saka, med sterkt ordskifte, utan at dette har ført til noko drastiske endringar. Utviklinga i tilhøvet stat – kyrkje har vore prega av ein langsam prosess i retning av meir sjølvstyre for kyrkja. Dette har kome til uttrykk i meir delegering av kyrkjelege oppgåver frå staten til dei kyrkjelege råda. Sjølve statskyrkjeordninga med ei grunnlovfesta folkekyrkje, der kongen i statsråd er øvste kyrkjeleiar, er blitt ståande.

Er ein no på i retning av eit vegskilje, som krev ny debatt, der det vert hevda at Den norske kyrkja er ei av dei siste statskyrkjene i verda, og den einaste der biskopane vert politisk utnemnde. Livssyns- og kultur mangfaldet i landet er langt større enn tidlegare. Staten vil også hevda at den norske kyrkja er eit trussamfunn, og ikkje berre ein del av den statlege verksemda. Kanskje vert det lagt meir vekt på religionsfridom som ein grunnleggjande menneskerett enn tidlegare. Kva rolle skal ei statskyrkje-ordning spela i det stykke.?

Hovudkonklusjonen er at eit fleirtal på 18 (av 20) medlemmer ønskjer ei avvikling av statskyrkjeordninga. Elles fordeler medlemene seg på tre ulike kyrkjemodellar, med eit klart fleirtal og to mindretal.

Lovforankra folkekyrkje.

Eit fleirtal på 14 ønskjer ei lovforankra folkekyrkje. Dei rår såleis til at Grunnlova sitt lovvern om statskyrkjeordningar vert oppheva, og at Den norske kyrkje vert eit sjølvstendig rettssubjekt med eigne styringsorgan og sjølvstendig ansvar for alle saker som har med kyrkja si tru og verksemd å gjere. Biskopane vert utnemnd av kyrkja sine eigne organ. Den norske kyrkja får framleis ei særleg tilknytning til staten gjennom ei særlov gjeven av Stortinget. Denne kyrkjelova er tenkt utforma som ei kortfatta rammelov, forankra i eit grunnlovsvedtak. Det vert lagt avgjerande vekt på at Den norske kyrkja framleis skal ha brei kontaktflate over heile landet.

Tilhøve mellom kyrkje og folke bør vera viktigare enn tilhøvet mellom kyrkja og staten. Dei meiner at ei lovforankra folkekyrkje gjev det beste grunnlaget for ei sterk tilknytning mellom kyrkje og folk. Dei ser det som ein fordel at ei slik ordning kan utforme medlemmane til deltaking og medverknad. Vidare vil ordninga innebere full trus- og livssynsfridom og forhindre at tru og livssyn vert redusert til ei rein privatsak.

Sjølvstendig folkekyrkje

Utvalet sitt eine mindretal (4 medlemmer) ønskjer ei sjølvstendig folkekyrkje. I ei slik ordning er ikkje Den norske kyrkja lenger ein del av statsforvaltninga, men eit sjølvstendig trussamfunn på lik line med andre trus- og livssynssamfunn. Etter dette mindretalet si meining vil ei slik ordning klart synleggjere at Den norske kyrkja er eit trussamfunn som politiske organ har styringsrett over. Samstundes ivaretek ordninga lik handsaming av dei ulike trus- og livssynssamfunna.

Grunnlovsforankra folkekyrkje:

Eit mindre tal på 2 ønskjer ei vidareføring av statskyrkjeordninga, om lag slik vi kjenner henne i dag. Dei meiner denne ordninga best sikrar at Den norske kyrkja er der for alle som ønskjer det, og at alle kjenner seg heime i kyrkja uansett trusengasjement.

Elles tilrår eit fleirtal på 13 i utvalet at staten sitt ansvar for å føre ein aktiv støttande trus- og livssynspolitikkk vert grunnlovsfesta, då dette vil gje e8it konstitusjonelt vern for trus- og livssynssamfunna og markere at dette er ei verksemd som er særleg viktig for samfunnet. Det store fleirtalet tilrår at Den norske kyrkja i hovudsak vert offentleg finansiert, og at staten får eit særleg ansvar for freda og verneverdige kyrkjer.

Frå sokneråda vil uttale i saka vert gjort slik; Blomvåg sokneråd den 11.oktober og Hjelme sokneråd den 19.10.2006.

Sokneråda sin uttale vil verta lagt ved-/ettersendt.

VURDERING:

Om Den norske kyrkja kan ein ha mange tankar og mange vurderingar. Skal ein frå kommualt hald vil det vera naturleg at ein held på følgjande:

- Kyrkja som seremonimeistar.
- Kyrkja som ei praktisk forordning ved t.d. dåp, bryllaup og begravelse.
- Kyrkja som ein stad der Bibelens bodskap vert forkynt.
- Kyrkja som ein stad der kristendomen som samfunnets grunnleggjande religion vert halden ved like.
- Kyrkja som oppdragar.
- Kyrkja i historisk perspektiv.

Det som i alle tider har vore kyrkja sitt dilemma, er på den eine sida Kyrkja som praktisk forordning og seremonimeistar ved dåp, bryllaup og begravelser, samstundes som kyrkja skal ha ei sterkt ånds-dimensjon over sin veremåte.

I kommunal samanheng er det liten tvil om at kyrkja gjennom tidene har opparbeidd seg eit ansvar og ein posisjon som i det store fleirtalet i folket vert oppfatta som positiv og ønskjeleg nettopp ved dei store milepelane i livet. I det "Øygardske" samfunnet står nok kyrkja sterkt og må oppfattast som ein vesentleg positiv faktor i samfunnsbygginga. Måten kyrkja fungerer på har også samanheng med kva type prest ein har, og om denne presten har ein bodskap som er i samsvar med folkefleirtallet sitt syn på kva kristendom skal vera.

At ein får mindretal både på den konservative og den liberale side får mindre reell betydning, då legaliserer den bodskapen presten forkynner. I Øygarden kommune må det vera rett å hevda at konfliktane på det læremessige har vore minimale. Kyrkja i Øygarden står derfor sterkt.

Problemet for kyrkja må vere på det "læremessige" plan, noko som rådmannen oppfattar som eit internt tema innad i kyrkja og ikkje så mykje eit tema om korleis kyrkja skal vera til praktisk hjelp i eit lokalsamfunn. Etter rådmannen si vurdering vil det derfor vera naturleg å eit kommunestyre å konsentrera sin uttale til kyrkja sin praktiske rolle i lokalsamfunnet. Det læremessige må vera eit tema for sokneråda.

Likevel vil ein meina at det kan ikkje vera noko godt for Den norsk kyrkja dersom ein på det læremessige skal oppleva overordna leiing som ikkje tek Bibelens lære på alvor, og som heller vil leggja politiske føringar og populære haldningar inn i sitt styringsgrunnlag.

Endeleg vil rådmannen visa til den streke historie som er knytt opp mot statskyrkjeordninga, og til Kristendomen som religion for landet. Sjølv om Noreg er i ferd med å bli eit fleirkulturelt samfunn kan det framleis vere grunn for å halda på det kristne evangelium som hovudreligion for landet.

Andre mindre trusretningar vil såleis verte handsama som tidlegare.

INNSTILLING TIL TILRÅDING:

Øygarden kommunestyre viser til Gjøannes-utvalet si utgreiing om tilhøvet mellom Stat og Kirke, og vil koma med følgjande uttale.

1. Som kommunestyre vil ein ikkje gje uttale til kyrkja sine lærespørsmål, men vil avgrensa den kommunale uttalen til temaet om korleis kyrkja er ein praktisk forordning og seremonimeister ved viktige milepeler i samfunnsbygginga og i livet.
2. Øygarden kommunestyre har såleis ikkje noko å merka til Gjøannes-utvalet si fleirtals-tilråding, om statskyrkja vert oppheva og at Den norske kyrkja vert eit sjølvstendig rettssubjekt med eigne styringsorgan og sjølvstendig ansvar for alle saker som har med kyrkja si tru og verksemd å gjere. Kyrkja sitt personell vert utnemnd av kyrkja sine eigne organ.
3. Når det gjeld det læremessige innhaldet i kyrkja viser kommunestyret til Blomvåg og Hjelme sokneråd sine uttaler.

18.10.2006 FORMANNSKAPET

FS-183/06 VEDTAK:

Samrøystes **tilråding:**

Saka vert oversendt kommunestyret for handsaming og vedtak.

25.10.2006 KOMMUNESTYRET

Forslag frå Gisle Kårbø Rong (TVØ):

Øygarden kommunestyre viser til Gjønnes-utvalet si utgreiing om tilhøvet mellom Stat og Kirke, og vil koma med følgjande uttale:

1. Som kommunestyre vil ein ikkje gje uttale til kyrkja sine lærespørsmål, men vil avgrensa den kommunale uttalen til temaet om korleis kyrkja er ein praktisk forordning og seremonimeister ved viktige milepeler i samfunnsbygginga og i livet.
2. Øygarden kommunestyre har såleis ikkje noko å merka til Gjønnesutvalet si fleirtalstilråding, om at statskyrkja vert oppheva og at Den norske Kyrkja vert eit sjølvstendig rettssubjekt med eigne styringsorgan og sjølvstendig ansvar for alle saker som har med kyrkja si tru og verksemd å gjera. Kyrkja sitt personell vert utnemnd av kyrkja sine eigne organ.

Forsalg frå Otto Harkestad:

Staten og Den norske kyrkja.

Uttale frå kommunestyret i Øygarden

Statskyrkjeordninga slik den er i dag vert ført vidare innanfor gjeldande grunnlovsbestemmelser.

Statskyrkjeordninga slik den er i dag sikrar best at kyrkja er til for alle og at dei aller fleste kan føla seg heime i kyrkja, uavhengig av trusengasjement.

Rammeloven gir ingen garanti for framtida til ei meir fristilt folkekyrkje. Paragrafen i Grunnlova som omtalar Den Lutherske kyrkja si lære må forbli uendra.

KS-049/06 VEDTAK:

Røysting/vedtak:

Forslaget frå Gisle Kårbø Rong ovanfor fekk 5 røyster, 18 repr. røysta i mot.

Forslaget frå Otto Harkestad, vart vedteke med 19 mot 4 røyster.

Statskyrkjeordninga slik den er i dag vert ført vidare innanfor gjeldande grunnlovsbestemmelser.

Statskyrkjeordninga slik den er i dag sikrar best at kyrkja er til for alle og at dei aller fleste kan føla seg heime i kyrkja, uavhengig av trusengasjement. Rammelova gir ingen garanti for framtida til ei meir fristilt folkekyrkje. Paragrafen i Grunnlova som omtalar Den Lutherske kyrkja si lære må forbli uendra.

TJELDSTØ, dato
for rådmannen (e.f.)



Rådmann/etatsjef

Sakshandsamar: Ingolf Solsvik